

USA-par på skulen

10.03.2016



Morgan og Hanna saman med lærarane Trine Nødland og Terje Helleland

Er Uskedalen iferd med å bli eit internasjonalt sentrum for utdanning? I alle fall er no 21-åringar fra USA inne i den siste fase av utdanninga si som lærarar og mykje av innspurten skjer ved skulen vår. Morgann Holyoak frå mormonstaten Utah og Hanna Eckermann frå Minnesota er iferd med å verta varme i trøya som pedagogar hos oss og finn seg godt tilrette. Samstundes får dei toppattest frå skuleleiinga,

Morgann er mormon og det er 60 prosent som deler trua hennar i byen Logan der universitetet ligg- I Salt Lake City som er statens hovudstad er prosenten 45.Då Morgann skulle bestemme seg for studieopphaldet i utlandet hadde ho valet mellom Noreg og Chile og valet var lett. fordi den norske skulen har rykte som ein skule på høgt nivå, seier Morgann. Men faren har tysk og mora engelsk bakgrunn.

I desember er ho ferdig med studiet.Hannah har rekna ut at ho er en sekstandel norsk. I motsetnad til mora som er sjukepleiar satsar ho på læraryrket fordi ho ikkje likar blod! Men det er ein verdsberømt arbeidsplass ho har, Mayoklinikken i Rockcester.

Både Hannah og Morgann er imponert over engelsk-kunnskapane til elevanei Uskedalen og dei er takknemlege forr den gode mottakinga dei har fått hos oss.Dei har allereie testa formen i fjella våre.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen